



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14332 - 20/63492

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
08.10.2020

Oversender dispensasjonssøknad til uttale - gangbru og garasje - gbnr 102/19 Vabø

Tiltak: gangbru og båtgarasje med bod
Byggjestad: Gbnr: 102/19
Tiltakshavar: Jørn Klinge

Saka gjeld

søknad om oppføring av open båtgarasje/carport (33 m²) med tett bod (13 m²) og gangbru ut til halvøya/holmen der hytta ligg. Om det er halvøy eller holme, varierer med flo og fjære. Garasjen skal brukast til bil om sommaren og til båtopplag om vinteren.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område *Vabø Disp. plan Del av gnr.102 bnr. 6* med Plan-id 1263-07011971

Planen manglar utnyttingsgrad og byggegrense mot sjø. I *Kommunedelplan for Lindås 2019 – 2031* ligg planområdet i føresegningsområde # 23 der kommunedelplanen sine føresegner gjeld.

Tillaten grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA og 150 m² BRA. Heile eigedommen ligg utanfor byggegrensa mot sjø i kommunedelplanen.



Tiltaket må difor ha dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona for å kunna gjennomførast.


Spørsmål til Fylkesmannen og Bergen hamn:

Treng gangbrua på/ innafor sjøområde som er tørt på fjæra sjø dispensasjon frå arealbruk i sjø og løyve etter hamnelova?

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).





Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - GBNR 102/19 Vabø
Søknad om dispensasjon
Kart
Teikningar

Kopi til:

Jørn Klinge	Lyderhornslie 115	5178	LODDEFJORD
-------------	-------------------	------	------------

Mottakarar:

Alver kommune - Samfunnsplan og analyse			
Bergen og Omland Farvannsforvaltning	Postboks 6040	5892	BERGEN
Iks			
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN